

INFORMASJON 3 OM BARNEHAGE-/SKULEBRUKSPLAN

Sidan sist har Norconsult hatt løypemelding i kommunestyret 22.juni. Etter planen skulle Norconsult levert ein fullstendig rapport til dette kommunestyret, men grunna sein levering av statistikk og folketalsframskrivingar frå SSB (Statistisk Sentral Byrå), vert ikkje rapporten klar før i august. Videoopptak av presentasjonen til Norconsult kan du finna i [arkivet](#) på KommuneTV på heimesida til kommunen. Power Point presentasjonen til Norconsult finn du [her](#).

Proessen vidare over sommaren blir då at rapporten vil bli sendt ut på høyring i kommunen, med fokus på å få innspel på dei ulike alternativa/tilrådingane frå Norconsult.

Frå mi side er det ønskelig at rapporten blir behandla i ulike råd og utval, som igjen sender inn høyringsuttale til kommunen. (For tilsette er det HTV som sender inn uttale, for foreldra er det FAU/SU og for bygda elles er det grendeutvalet som er talerøyret.) Det vil kome meir informasjon om fristar og prosess rundt dette over ferien.

Når høyringane er komne inn til kommunen, vil det bli utarbeidd ei politisk sak basert på rapporten og Norconsult sine anbefalingar. Saka vil då bli sendt til politisk behandling, som igjen skal opp til behandling i kommunestyret i desember. Den blir lagt som grunnlag for budsjett – og økonomiplanen for 2021-2024.

God sommar!

10.07.20



Yngve Folven Bergesen
Rådmann Vindafjord Kommune